

+



# TRYGG HEILE LIVET



**PLAN MOT VALD I  
NÆRE RELASJONAR**

# INNHOLD

Forord .....	3
1. Kva vil Bjørnafjorden kommune med denne planen?.....	4
2. Arbeidsgruppa.....	5
3. Kva er vald i nære relasjonar?.....	6
4. Omfang .....	7
Nasjonale tal.....	7
Kor mange born opplever vald og seksuelle overgrep?.....	8
Lokale tal .....	8
UngData tal frå 2019.....	9
Statistikk frå politiet i Bjørnafjorden kommune.....	12
Tall frå NOK Bergen (tidlegare SMISO) .....	13
Tal frå BrukerPlan .....	14
Tal frå Krisesenter .....	14
5. Konsekvensar av vald i nære relasjonar.....	15
6. Fokus på vald og seksuelle overgrep i Bjørnafjorden kommune .....	17
7. Plikt og ansvar.....	17
8. Kva gjer vi allereie i dag? .....	19
For barn og unge .....	19
For vaksne.....	20
For særleg utsette grupper.....	21
9. Opplæring om vald og overgrep .....	22
10. Satsingsområde og tiltak.....	22
Satsingsområde 1 – Informasjon og digitalisering .....	22
Satsingsområde 2 – Leiarforankra kompetanse – og tenesteutvikling.....	23
Satsingsområde 3 – Styrka tverrfagleg og eksternt samarbeid .....	24
Satsingsområde 4 – Utvida kapasitet og tenestetilbod, nye tilbod .....	24
11. Mål og tiltak for satsingsområda – tidsplan og status .....	26
12. Aktuelle nettressursar .....	31
Nettsider .....	31
Nettressursar retta mot spesifikke grupper.....	32
E-læring: .....	33
13. Referansar.....	34
14. Vedlegg .....	34

## **FORORD**

Bjørnafjorden kommune har nulltoleranse mot vald i nære relasjonar som overordna mål. Planen skal sikre at innbyggjarar som vert utsett for vald får nødvendig vern og hjelp. Den peiker på tiltak og satsingsområde kommunen allereie har iverksett og kva som framleis manglar og bør prioriterast framover. Valden kan vera vanskeleg å avdekke fordi offeret kan vera avhengig av valdsutøvaren på ulike måtar og har såleis vanskar med å skjerme seg for valdsutøvinga.

Planen skal også medverke til kompetanseheving for tilsette i kommunen og syte for bevisstgjering av leiarar sitt ansvar for å sikre at tilsette veit kva plikt einkvar har til å avvegre vald og korleis vi skal handle når vald vert avdekkja. Vi ønskjer vidare å medverke til å forebygge vald i nære relasjonar gjennom tidleg innsats og formidle kunnskap om grupper som er særleg sårbare for å bli utsett for vald eller overgrep.

Planen gjeld barn, unge, vaksne og eldre.

Line Rye

Kommunalsjef Oppvekst

Monica Totland Melvold

Kommunalsjef Helse og Velferd

# **1. KVA VIL BJØRNAFJORDEN KOMMUNE MED DENNE PLANEN?**

Mange barn, unge og vaksne blir utsett for vald frå menneske som skulle gitt dei tryggleik. Denne type vald er enno eit tabubelagt tema, og det bryt med biletet vi har av heimen som ein stad for nærliek og omsorg. Den kan derfor vere ekstra vanskeleg å oppdage.

## **Plan til pynt eller plan til bruk?**

Denne planen skal bidra til å gje retning i det overordna arbeidet i kommunen for å førebyggje, avdekke, beskytte og behandle vald i nære relasjonar. Dette gjeld mellom anna arbeidet med å førebyggje og avdekke vald, sette inn tiltak for å beskytte offera av valden, samt hjelp og behandling retta mot både offera og utøvar av vald som skjer i nære relasjonar. Med denne planen ønskjer vi også å synleggjere den innsatsen vi allereie gjer i møte med mellom anna valdsproblematikk. Vi er bevisste på at mange risikofaktorar verkar saman når det gjeld risiko for å bli utsett for eller utøve vald, og i mange tilfelle må vi jobbe både indirekte og over tid for å oppdage og hjelpe. Vi ønskjer derfor også å setje fokus på område der vi bør styrke arbeidet og heve kompetansen til tilsette, og peike ut nokre sentrale mål/tilrådingar for det vidare arbeidet i Bjørnafjorden kommune.

Planen skal og kunne vere eit verktøy primært for leirarar for å styrke og samordne den kommunale innsatsen og auke forståinga for ulike rollar i dette arbeidet. Den er ikkje ein erstatning for nasjonale/einingsspesifikke veiledarar, planar og tiltak. Den vil heller ikkje vere uttømmande på temaet «vald i nære relasjonar». Vi har hatt ei bevisst haldning på at vi ønskjer at planen er kort og konsis.

## **Målgruppe**

Planen skal spegle ein heilskapleg tankegang rundt temaet vald i nære relasjonar. Målgruppa planen gjeld for er heile befolkninga i Bjørnafjorden kommune, med eit spesielt fokus på barn og unge, samt vaksne med særskilte behov, ettersom dei representerer særleg sårbare grupper. Planen vil difor vere retta mot kvinner, menn, unge, og eldre. Ein «heilskapleg» tankegang inneber og at valdsutøvar vil vere i målgruppe for planen. Valdsutøvaren finn vi i alle samfunnslag, uavhengig av alder, kjønn, og sosial status. Det er ikkje uvanleg at valdsutøvar sjølv har vore utsett for psykisk, fysisk, og/eller seksuell vald og/eller har vore vitne til vald mellom foreldre i barndom og ungdomsalder<sup>1</sup>. Mange valdsutsette tar på seg skuld og ansvar for

---

<sup>1</sup> Askeland et al., 2012

valden som dei sjølv blir utsett for. Valdsutøvar treng difor hjelp til å ta på seg ansvaret for valden, og finne alternative strategiar for å handtere sitt sinne.

Bjørnafjorden er i 2021 i sitt andre år som kommune for innbyggjarar i tidlegare Os og Fusa. Dette er dermed den første planen kor temaet vald i nære relasjonar blir tatt opp til handssaming. Den vil såleis kunne vere eit utgangspunkt for det vidare arbeidet i dei neste åra, og fungere som grunnlag for evaluering og justering.

### **Mål – Nulltoleranse mot vald**

Delmål, med sentrale tiltak:

1. Førebyggje vald i nære relasjonar gjennom tidleg innsats i familiær med kjende risikofaktorar
2. Heve kompetansen til tilsette/samarbeidspartar på å fange opp og avdekke vald
3. Vidareutvikle det individretta og tverrfaglege samarbeidet i saker relatert til vald
4. Tydeleggjere rutinar (og samarbeidskanalar) for tilsette for korleis handtere sakene på ein heilskapleg måte
5. Gje tilsette og innbyggjarane i kommunen lett og tilgjengeleg oversikt over relevante tenester i hjelpeapparatet, fysisk og digitalt.

## **2. ARBEIDSGRUPPA**

Arbeidet med Plan mot vald i nære relasjonar blei etterspurd frå fleire i kommunen. Hausten 2018 blei psykolog tilsett i Avdeling psykisk helse/Oppvekst i kommunen igangsetjar av arbeidet, etter bestilling frå kommunalsjef for området. I utgangspunktet var det tenkt at planen berre skulle omfatte barn og unge, men det vart raskt slutta at det var meir hensiktsmessig å lage ein plan med «livsløpsstandard». I tillegg vart kommunesamanslåing med Fusa 2020 eit tema, og fokus vart utvida til å gjelde for heile Bjørnafjorden kommune.

Arbeidsgruppa har bestått av:

- Anne Heggland, Koordinator i Konsultasjonsteamet mot v/o, og avd.leiar i barnevernet (2018 – 2021)
- Klaus Melf, kommuneoverlege i Fusa/Bjørnafjorden (2019 – 2021)
- Elin Tuft, SLT-koordinator (2020 – 2021)
- Sunniva Barman Teige, psykologspesialist på Oppvekst (2018 – 2019)

- Line Harstad Groven/Ida Caroline Benestad/Sølvi Holmedal, psykolog i Avdeling psykisk helse (2018 – 2021)
- Helene Freia Todtenhaupt, psykolog Psykisk helse- og rustenester (2020 – 2021)
- Olaug Sælen Steen, avdelingsleiar Psykisk helse (2020 – 2021)
- Eva-Mari Solberg, einingsleiar Psykisk helse- og rustenester (2020 – 2021)

Arbeidsgruppa sin samansetting har endra seg undervegs og er blitt reetablert etter lengre periode med stans i arbeidet. I starten på planprosessen vart det gjennomført workshop kor tilsette frå ulike felt i både tidlegare Os og Fusa var invitert til å dele erfaringar kring eksisterande tiltak og manglar, sett frå deira ståstad. Arbeidsgruppa fekk rettleiing frå RVTS v/ Geir J. Olsen i starten av planarbeidet med omsyn til omfang og innhald i planen.

Arbeidet med planen starta opp igjen hausten 2020 med nye medlemmar i arbeidsgruppa frå psykisk helseteneste for vaksne då planen blei utvida til å gjelde både barn/unge og vaksne.

### **3. KVA ER VALD I NÆRE RELASJONAR?**

Definisjon og begrepsavklaring

**«Vold er enhver handling rettet mot en annen person, som gjennom denne handlingen skader, smerter, skremmer, eller krenker, får denne personen til å gjøre noe mot sin vilje eller slutte å gjøre noe den vil.»**  
**(«Meningen med volden», Per Isdal)**

**«Vold er en plan, forsøk, trussel eller handling fra en person som gjennom uforsiktighet eller med vilje fører til frykt for, eller faktisk fysisk eller psykisk skade på en annen person, uten at det foreligger samtykke eller mandat»** (SIFER, Stephen Hart)

Vald i nære relasjoner omfattar vald mellom familiemedlemmar eller andre som står i ein maktrelasjon til kvarandre. Norsk straffelov (§282) definerer nære relasjoner som barn, søsken, foreldre, besteforeldre og barnebarn. Vi inkluderer i denne planen i tillegg ektefelle/sambuar/partnar, kjærestesrelasjoner og bufellesskap, samt vaksne tillitspersonar til barn/unge (t.d. lærar, trenar, pleiar).

Vald i nære relasjoner er handlingar som har til hensikt å utøve eller oppretthalde makt og kontroll. Valden er oftast gjentakande og skjer over tid.

Det finst mange typar vald:

- **Fysisk vald** (døme: **slag, spark, bitt, risting, kvelartak, øyrefik, klyping**)
- **Psykisk vald** (døme: **trugslar, kontrollerande åtferd, trakassering, mobbing, latterleggjering, sjalusi**)
- **Seksuell vald** (døme: **seksuell trakassering, seksuell krenkelse, sek- suell tvang, voldtekts, incest**)
- **Materiell vald** (døme: **knuse eller kaste ting, slå i vegg/dør, øydeleg- gje ting som betyr noko for andre**)
- **Økonomisk vald** (døme: **kontroll over økonomiske ressursar**)
- **Latent vald** (døme: «**gå på nåler**», å vere på vakt)
- **Tvangsekteskap**
- **Kjønnslemlesting** (omskjering av kvinnelege kjønnsorgan)
- **Menneskehandel**
- **Å vere vitne til vald** (døme: å vite om, høre og/eller sjå at foreldra slår eller truar kvarandre)
- **Æresrelatert vald**
- **Negativ sosiale kontroll**

## 4. OMFANG

### Nasjonale tal

5 % av dei spurde i Norge, like mange kvinner som menn, svarar at dei har blitt utsett for alvorleg vald frå foreldre i oppveksten, medan over 20% av kvinnene og om lag 8 % av mennene svarar at dei har blitt utsett for eit seksuelt overgrep før dei fylte 18 år. Nesten 1/3 av befolkninga, men dobbelt så mange menn som kvinner, svarar at dei har blitt utsett for alvorleg vald etter fylte 18 år. 9% av kvinnene og i underkant av 2% av mennene har opplevd valdtekts. Like mange kvinner og menn, 17%, har blitt utsett for vald frå samlivspartner<sup>2</sup>.

Tall for eldre som er utsett for vald og overgrep: forskarar er forsiktig med å gje eit eksakt tall for omfanget av desse overgrepa (psykisk vald, fysisk vald, seksuelle overgrep og økonomiske overgrep), men det gjeld rundt 8% (dei nemner at førekomensten er ein stad mellom 6,8 og 9,2 %)<sup>3</sup>.

<sup>2</sup> <https://www.nkvts.no/tema/vold-og-overgrep-i-naere-relasjoner/>

<sup>3</sup> Sandmoe et al., 2017

## Kor mange born opplever vald og seksuelle overgrep?

Vald og overgrep mot born skjer oftare og nærare enn vi trur. I oktober 2019 kom studien Ungdoms erfaringar med vald og overgrep i oppveksten: En nasjonal undersøkelse av ungdom i alderen 12 til 16 år (Ungdoms erfaring med vold og overgrep i oppveksten (UEVO)-undersøkelsen)<sup>4</sup>. Denne studien er den første nasjonalt representative omfangsundersøkelsen om vald og overgrep blant barn og ungdom i Norge.

UEVO-undersøkinga syner at:

- 1 av 5 barn har opplevd fysisk vald frå ein voksen i heimen minst ein gong
- 1 av 20 har opplevd alvorleg fysisk vald som å bli sparka eller banka opp av ein voksen i heimen
- 6% har opplevd seksuelle overgrep frå ein voksen
- 22 % har opplevd ein seksuell krenking frå ein jamnaldrande
- 1 av 5 har opplevd psykisk vald frå foreldra sine
- Kun 1 av 5 som har opplevd vald eller overgrep hadde vore i kontakt med ein helsesjukepleiar, barnevernsarbeidar eller ein profesjonell hjelpar
- Omlag halvparten av ungdommane som har opplevd vald og overgrep har aldri fortalt det til nokon andre

## Lokale tal

Bjørnafjorden kommune har mellom anna registrering av bekymringsmeldingar til barneverntenesta og statistikk frå politiet.

Som ein kan sjå frå tala i **tabell 1** på bekymringsmeldingar til barneverntenesta syner dei ei auke i meldingar generelt. Frå 2020 gjeld tal for heile Bjørnafjorden. Som ein ser er tala mykje høgare i 2020. Dette handlar om at barneverntenesta no registrerer meldingar på ein annan måte etter at fagsystemet vart endra. Før registrerte barneverntenesta meldingar som kom i eksisterande undersøking i postjournal. No vert alle meldingar registrert i meldingsbilete, noko som gjer at talet aukar på grunn av endra registreringsrutine.

Vi ser i **tabell 2** ei auke i bekymringsmeldingar kring vald og overgrep, noko som kan ha fleire forklaringar. Konsultasjonstemaet i kommunen har undervist i nær alle barnehagar og skular om kva vald er og kva ein kan gjere om ein vert bekymra. Det har også generelt vore meir

---

<sup>4</sup> Hafstad & Augusti, 2019

oppmerksemd rundt vald retta mot born. Born får i dag meir informasjon rundt eigne grenser og om kva vaksne ikkje har lov til å gjera mot barn, enn kva som var gjeldande før. Meir fokus på dette kombinert med opplæring og fleire digitale verktøy vaksne kan bruke når dei vert bekymra fører til at fleire tør å snakke med born om deira bekymring. Dette gjer at fleire no får hjelp til å stoppa valden og får hjelp vidare.

	2017	2018	2019	2020
<b>Os</b>	257	226	272	0
<b>Fusa</b>	50	34	34	0
<b>Bjørnafjorden</b>	0	0	0	444
<b>Totalt</b>	307	260	306	444

**Tabell 1** Bekymringsmeldingar totalt

	2017	2018	2019	2020
<b>Os</b>	85	86	107	0
<b>Fusa</b>	8	12	11	0
<b>Bjørnafjorden</b>	0	0	0	147
<b>Totalt</b>	93	98	118	147


**Tabell 2** Bekymringsmeldingar om vald og overgrep

## UngData tal frå 2019<sup>5</sup>


Tabell 3, 4 og 5 viser til vidaregåandeelvers prosentdel som har blitt utsette for trugsmål om vald minst ein gong det siste året. UngData tal syner at gutter er meir utsette for trugsmål om vald enn jenter. Tala fortel ikkje noko om type vald eller i kva relasjonar valden skjer. Både tidlegare Os og Fusa kommune har noko lågare tal en det nasjonale gjennomsnittet.

---


<sup>5</sup> 2020 var ikke tilgjengelig nå planen var ferdigstilt



**Tabell 3** Vidaregående skule (VGS) tidlegare Os kommune




**Tabell 4** VGS tidlegare Fusa kommune




**Tabell 5** VGS nasjonalt


**Tabell 6, 7 og 8** viser til prosentdel av ungdomsskuleelevar som har blitt utsette for trugsmål om vald minst ein gong det siste året. Ser ein på tidlegare kartlegging, er det noko nedgong på Os VGS (VG2 og VG3). Det er også nedgong på Fusa VGS sidan siste kartlegginga i 2016.



**Tabell 6** Ungdomsskule – tidlegare Os kommune



**Tabell 7** Ungdomsskule – tidlegare Fusa kommune



**Tabell 8** Ungdomsskule nasjonalt

## **Statistikk frå politiet i Bjørnafjorden kommune.**

**Tabell 9** under viser tal på saker «vald i nære relasjonar» som blei registrert i perioden 2017-2020. Gjerningskommune er Os/Fusa (Bjørnafjorden). Tabellen tar ikkje for seg andre typar vald. Politiet opplev eit jamt nivå på desse sakene. Til tider kan det vere ulike sakskompleks som vil slå litt annleis ut for statistikken til dømes at ein mistenkt kan stå for fleire ulike saker. Fleire saker blir også løyst utanfor straffesak, viser til overskrifta SARA/patriark. Politiet melder at nivået på tal straffesaker med vald i nære relasjonar har halde seg stabilt etter Covid-19.

	2017	2018	2019	2020
<b>Mishandling i nære relasjonar med kroppskrenkelse<sup>6</sup></b>	11	8	17	16
<b>Mishandling i nære relasjonar utan kroppskrenkelse</b>	1	1	1	4
<b>Grov mishandling i nære relasjonar med kroppskrenkelse</b>	1	0	1	0

**Tabell 9** Statistikk. Vald i nære relasjonar

**Tabell 10** «Forholdet sin avgjørelse» viser oversikt over avgjerd i sakene over. Dette gjeld personar som er registrert som mistenkt, sikta eller domfelt. Det er fleire mistenkte/sikta/domfelte enn antal saker, dette er pga at det er fleire mistenkte/sikta/domfelte pr sak. Årstal er det årstalet saka blei registrert.

	2017	2018	2019	2020	Totalsum
<b>Henlagt<sup>7</sup>, bevisets stilling</b>	10	5	9	13	37
<b>Tiltalebeslutning<sup>8</sup></b>	2	3	7	0	12
<b>Henlagt, ikkje straffbart forhold</b>	1	0	2	1	4
<b>Ikkje avgjort</b>	0	0	0	8	8

<sup>6</sup>**Kroppskrenkelse:** Betyr at nokon utøver vald mot ein annan person eller på annan måte fornærmar han/ho fysisk. Tidlegare kalla legemsfornærmling.

<sup>7</sup>**Henlagt:** Er det ikkje oppklart kven gjerningspersonen er, eller om vilkåra for straffbarhet ikkje er oppfylt blir saka henlagt.

<sup>8</sup>**Tiltalebeslutning:** Ein tiltalebeslutning er ein offentleg anklage mot ein person eller eit foretak om at vedkommande skal ha utført ei straffbar handling. Uttak av tiltale medfører innbringelse av straffesak for domstolen til offentleg forfølging.

<b>Henlagt, ikkje rimeleg grunn til å undersøke</b>	0	1	0	3	4
<b>Siktelse<sup>9</sup> (tilståelsesdom<sup>10</sup>)</b>	0	0	0	1	1
<b>Henlagt, påtalebegjæring trekt tilbake</b>	0	0	1	0	1
<b>Totalsum</b>	13	9	19	26	67

**Tabell 10** Forholdet sin avgjørelse

Alle straffesaker som omfattar vald mellom noverende eller tidlegare samlivspartnarar, eller der det er mistanke om æresrelatert vald, skal risikovurderast ved bruk av risikovurderingsverktøyet **SARA** (Spousal Assault Risk Assessment) eller **PATRIARK** (æresrelatert vold). På bakgrunn av risikovurderingar jobbast det for å førebyggje gjentatt og alvorleg vald. Målet er å avdekke risiko for gjentakingsfare. Felles forståing og god samhandling mellom straffesaksoporet og det forebyggende sporet er nødvendig for å lykkast med førebyggjande tiltak.

### Tall frå NOK Bergen (tidlegare SMISO)

NOK Bergen har, pr. i dag 18.01.2021, 44 registrerte brukarar frå Bjørnafjorden kommune. Dei har gjennom åra også hatt eit relativt sett omfattande samarbeid med Os på andre felt, ikkje minst skulesektoren. Dei har f.eks. vore fast "inventar" på ungdomsskulane sitt årlege psykiske helseveke (Rush), samt årlege oppdrag på Os VGS. Året 2020 var naturleg nok eit unntaksår der svært mykje vart avlyst, men ellers ser det slik ut frå 2017 - 2020.

<b>2017:</b> 21-oppdrag	<b>2018:</b> 22 oppdrag	<b>2019:</b> 11 oppdrag	<b>2020:</b> 2 Oppdrag
Os kyrkje (2), Os menighet (1), konfirmantsamling (1), Os VGS (6 oppdrag/grupper/klasser), psykisk helseuke Os ungdomsskole (11 oppdrag/grupper/klasser)	Os humanistiske forbund (1), Os VGS (10 oppdrag/grupper/klasser), psykisk helseveke Os ungdomsskule (11 oppdrag/grupper/klasser)	Os VGS (7 oppdrag/grupper/klasser), Os Ungdomsskole (2), Nore Neset ungdomsskule (2)	Nore Neset (Trygg på trening, 1), Søre Neset (Trygg på trening, 1)

**Tabell 11** Undervisningsoppdrag NOK


<sup>9</sup>**Siktelse:** Siktelse, ein formell anklage om straffbart forhold, framsatt av påtalemynde mot ein mistenkt person. Ein siktelse utfordigast under etterforsking og forutset at påtalemynde meiner at det er skjelling grunn til mistanke om at eit straffbart forhold er begått.

<sup>10</sup>**Tilståelsesdom:** betyr forenkla behandling.

## Tal frå BrukerPlan

I BrukerPlan 2020 viser kartlegginga at 2 % av totalt 307 registrerte personar innan gruppa med psykiske helseproblem i Bjørnafjorden kommune blei utsett for vald, og 12 % innan gruppa ROP, både rus- og psykiske problem. I ROP gruppa er det registrert totalt 91 personar.

Andelen i BrukerPlan som utset andre for vald var i 2020 4 % innan gruppa personar med psykiske lidingar og 10 % innan ROP gruppa. Dersom vi ser på kor mange som både blir utsett for vald og sjølv utøver vald mot andre utgjer dei 8 % av personane i ROP gruppa, medan ingen i gruppa med psykiske lidingar blei registrert med denne kombinasjonen der dei både er utsett for vald og utøver vald sjølv.



**Tabell 12** Tal BrukerPlan 2020

## Tal frå Krisesenter

I perioden 2018 til 2020 har det vore til saman i overkant av 40 personar frå tidlegare Fusa og Os kommune, no Bjørnafjorden kommune som har nytta dette hjelpetilbodet. Talet omfattar både vaksne og barn. Fem personar har vore på krisesenteret meir enn ein gong i same periode. Lengda på opphalda på krisesenteret har vore frå nokon få dagar til fleire månadar.

## 5. KONSEKVENSAR AV VALD I NÆRE RELASJONAR

Vald i nære relasjoner er eit omfattande samfunnsproblem, eit menneskerett-problem, eit demokratisk problem, eit kriminalitetsproblem, eit likestillingsproblem og eit folkehelseproblem.<sup>11</sup>

Å bli utsett for eller vere vitne til vald kan ha omfattande konsekvensar for den enkelte. I tillegg til dei fysiske skadane, kan valden medføre betydelege psykiske, kognitive, og sosiale problem både på kort og på lang sikt. Studiar viser at fysisk mishandling, seksuelle overgrep og omsorgssvikt har større betydning på psykisk helse enn andre belastande hendingar. Skuldkjensle, sosial isolasjon, kriminalitet og rusmiddelmisbruk er døme på moglege konsekvensar. Det vil også kunne føre til store økonomiske konsekvensar for den enkelte, ettersom helsemessige konsekvensar vil kunne gjere det vanskeleg å engasjere seg i utdanning og delta i arbeidslivet.

**Adverse Childhood Experiences** (ACE) studien<sup>12</sup> er ein berømt studie innanfor psykisk helse i USA. ACE-studien ble utført i 1993 og hadde 17.500 deltagarar i alderen 18-70 år<sup>13</sup>.

ACE-studien viser ein sterk samanheng mellom belastande erfaringar som barn, og både fysisk og psykisk sjukdom i vaksen alder. Studien viser ein tydeleg samanheng mellom krenkinga som seksuelt misbruk, vald, psykisk misbruk, rusproblem blant dei vaksne, omsorgssvikt med meir, og betydeleg økt fare for alvorleg sjukdom, psykisk og fysisk, seinare i livet.

I undersøkinga vart deltagarane spurta om dei hadde vore utsett for 5 direkte (fysisk misbruk, psykisk misbruk, seksuelt misbruk, fysisk vanskjøtsel og psykisk vanskjøtsel) og 5 indirekte (vaks opp utan begge biologiske foreldre, såg dei at mor blei mishandla, var det sinnslidningar hos dei vaksne, var det rusproblem blant dei vaksne og vaksne gjorde lovbro og kriminalitet) belastande erfaringar.

Svara vart sett på i lys av deira totale helsejournalar. 1/3 av deltagarane svarte at dei ikkje hadde nokon av desse erfaringane. Det kan truleg vere ein underrapportering, fordi personane kan ha fortrent erfaringane eller av andre årsaker ikkje har oppgitt det som faktisk har skjedd.

Resultat frå studie viste tydeleg dose- respons forhold mellom krenkande hendingar og fysisk og psykisk sjukdom seinare i livet. Det betyr at dess høgare scoren var på undersøkinga, dess større fare for å utvikle diverse alvorlege sjukdommar. Sjukdommane inkluderte: Hjarte/kar

---

11 <https://dinutvei.no/vold-i-naere-relasjoner/hva-er-vold-definisjoner/>

12 Felitti et al., 1998

13 <https://omhelse.no/ace-studien-krenkende-erfaringer-som-barn-forer-til-syke-voksne/>

lidingar, kreft, kroniske lungesjukdommar, overvekt, diabetes, spiseforstyrningar, alkoholisme, epilepsi, diverse psykiske lidingar.

For dei som scora 6 eller meir på ACE studien var gjennomsnittleg levealder redusert med 20 år. Då var det kontrollert for suicid. Det betyr at dei som tok sitt eige liv er tatt bort frå statistikken, slik at den reduserte levealderen er 20 år for dei som døde av andre årsaker enn sjølv-mord.

Personar som opplever traume i ung alder lever med det vi kallar giftig stress. Dei vil kunne vere konstant stressa. Ein slik type stress oppstår når stressfaktorar tidleg i livet hopar seg opp og dei ikkje får snakka om og bearbeide sine erfaringar. Før eller sidan vil dette då kunne føra til alvorleg sjukdom.

Det kan vere mange grunnar til at erfaringane ikkje vert snakka om. Som at det er tabubelagt samfunnsmessig, at det ikkje blir fanga opp av helsevesenet eller at det vert skjøve bort og ignorert av den det gjeld før det smeller mange år seinare.

ACE - studien fortel oss noko om at skiljet mellom psykisk og fysisk liding ikkje er så tydeleg som vi tidlegare har antatt. Mange meiner at skiljet mellom fysiske og psykiske traumer er ein illusion som er menneskeskapt og ikkje reell. Eitkvart psykisk traume manifesterar seg også fysisk. Ingen påkjenningar eksisterer utelukkande fysisk eller utelukkande psykisk.

I tillegg til dei store individuelle belastningane og tap av livskvalitet, har vald i nære relasjonar også store samfunnsøkonomiske kostnader. Dette viser seg i form av auka behov for hjelpe-tiltak i skulen, fysisk og psykisk helsehjelp, barnevernstiltak, hjelp frå crisesentertilbod, sosial-hjelp og auka behov for politiressursar. Den største samfunnsøkonomiske kostnaden er tapt arbeidsforteneste som følgje av at valdsofre heilt eller delvis fell utanfor arbeidslivet. Til saman er det estimert at vald i nære relasjonar kostar samfunnet mellom 4,5 og 6 milliardar kroner årleg<sup>14</sup>. Det er difor mange ulike grunnar til at vi bør ha særskild oppmerksamheit retta mot dette arbeidet. Det er og gode grunnar for at vi bør setje oss store, men konkrete nok mål i dette arbeidet, mål som er mogleg å nå.

---

<sup>14</sup>Rasmussen et al., 2012

## **6. FOKUS PÅ VALD OG SEKSUELLE OVERGREP I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE**

Bjørnafjorden kommune ønskjer å ha fokus på å stoppe vald og overgrep i vår kommune då dette er skadeleg for dei som opplever og lever med dette. Ein måte å få meir fokus på dette er at vi ønskjer å arrangere ei årleg veke der alle som arbeider med menneske, både vaksne og barn har fokus på dette tema i sitt arbeid i form av ulike arrangement, samtaler, film, plakatar osv. Media kan og vere med å formidle dette saman med tilsette i kommunen. Konsultasjonsteamet kan vera ute i sentrum/Amfi Os og snakke med folk og informere og ha fokus på tema. Barnehagar og skular kan ha fokus på dette saman med elevane kor dei kan sjå ulike filmar og ha samtaler om kropp og grenser. Ved å ha ei slik veke vil ein kunne fange opp fleire som lever med vald og hjelpe dei til ein kvardag utan vald. Kommunen må då ha ein god plan for gjennomføring og eit apparat som kan hjelpa og støtta dei som trenger det under og etter ei slik veke. Arbeidsgruppa har framlegg om å gjennomføre denne årlege aktiviteten samstundes med andre internasjonale dagar og arrangement, såleis:

Fokusdagar/veker

- 25 november er den årlege internasjonale dagen for avskaffing av vald mot kvinner.
- I forbindelse med denne dagen markerer ein også den internasjonale årlege 16 dagars kampanjen mot vald som startar 25 november.
- Bjørnafjorden kommune ønskjer difor å setje fokus på temaet vald i nære relasjonar frå 25. november til 10. desember kvart år framover.

## **7. PLIKT OG ANSVAR**

### **Teieplikt offentleg tilsette**

Teieplikta skal hindre at opplysninga om personlege forhold blir kjend for uvedkommande. Men teieplikta skal ikkje vere til hinder for å melde frå til politi og/eller barnevern når det er mistanke om at eit barn vert utsett for vald/seksuelle overgrep, og/eller lever i vald.

### **Avverjeplikt (strl § 196)**

Offentleg tilsette har plikt til å aktivt hindre at menneske vert utsett for vald: «Med bot eller fengsel inntil 1 år straffes den som unnlæt å melde til politiet eller på anna måte å søke å avverje

ein straffbar handling eller følgjene av den, på eit tidspunkt da dette fortsatt er mulig og det framstår som sikkert eller mest sannsynleg at handlinga vil bli eller er gjort». Dersom handlinga allereie er gjennomført, har ein avverjeplikt bare når ein reknar det som sikkert eller mest sannsynleg at den straffbare handlinga vil bli gjentatt eller viss ein ved å varsle, kan avverje ein skade som har funne stad frå å forverre seg til ein alvorleg skade. Det siste kan vere aktuelt til døme ved utrykking for å hjelpe ein person som er blitt utsett for vald, utan å vite om gjeringspersonen framleis utøver vald.

### **Meldeplikt**

Alle offentlege instansar har plikt å melde til barneverntenesta dersom det er «grunn til å tru» at barn blir utsett for vald/seksuelle overgrep eller er vitne til vald. Enkelte instansar og tenester har særlege lovar som regulerer verksemda sine bestemmingar om teieplikt, opplysningsplikt og oppløysingsrett.

### **Opplysningsplikt**

Opplysningsplikta til barneverntenesta omfattar både ei plikt til å melde frå på eiga initiativ og til å gi opplysingar ved pålegg frå barneverntenesta. Verksemda sine eigne rutinar skal følgjast når melding vert sendt barnevernet.

### **Informasjon om at melding blir gitt til barneverntenesta**

I sakar der det ligg føre mistanke om at eit barn blir utsett for vald eller er vitne til vald i familien, er det barnevernstenesta eller politiet som vurderer om og når omsorgspersonar skal informerast.

### **Anonymitet**

Dersom ein trur barn er utsett for hendingar som kan utløyse melde/opplysningsplikta, til dømes vald i heimen, skal meldar gi seg tilkjenne. Tilsette i det offentlege kan ikkje sende anonyme meldingar til barnevernet.

### **Politimelding**

Vald i nære relasjoner er undergitt offentleg påtale utan vilkår, og politiet bør i størst mogleg grad ta ansvaret for at ei melding blir skriven. I slike saker er det ikkje nødvendig for ein fornærma å melde det straffbare forholdet sjølv. Politiet kan på sjølvstendig grunnlag setje i verk etterforsking. Det er viktig at det på førehand ligg føre nødvendig informasjon/dokumentasjon som dannar grunnlag for vidare straffesaksbehandling.

## **8. KVA GJER VI ALLEREIE I DAG?**

### **For barn og unge**

Dei ulike lovpålagte einingane i kommunen (Svangerskapsomsorga, Helsestasjon, Kommunehelsetenesta, mv) har ulike lovregulerte mandat som påverkar både fokus og arbeidsoppgåver retta mot feltet vald i nære relasjoner. Alle har ein eller anna form for ansvar og dermed også moglegheit til å sjå og ta tak i desse problemstillingane. Tal frå ulike nasjonale undersøkingar som referert tidlegare syner at denne innsatsen ikkje er nok.

I tidlegare Os hadde ein derfor sidan 2016/17 fokusert på kompetansehevande tiltak inn mot tilsette i einingar på Oppvekst-feltet. Tilsette i Barneverntenesta og Førebyggande helseteneste, samt enkelte tilsette frå Meistringsteam og PPT deltok på kompetansehevingsrekka «Avdekking – kva så» i regi av RVTS. I tillegg har tilsette frå dei same einingane delteke på vidareutdanninga «Samtalar med barn», ei gruppebasert utdanningsrekke med fokus på å gjennomføre samtalar med barn om desse tema. Første gruppe vart leia av RVTS. Utdanninga omfattar 1 fagdag, samt 5 samlingar kor kvar enkelt tilsett får rettleiing på samtalar han/ho har hatt med barn om vanskelege tema. Samtalene har vore tatt opp på video.

Konsultasjonsteamet mot vald og overgrep (barn/unge) har jamlege møter, og tek imot bekymringar til drøfting og råd, frå både privatpersonar og tilsette som jobbar med barn/unge. Teamet kan møtast på kort varsel ved behov. Konsultasjonsteamet er breitt tverrfagleg/etatleg sammensett, har både medisinsk/somatisk, psykologfagleg, barnevernfagleg og politifagleg kompetanse, med tilsette frå ulike einingar i kommunen. Teamet støttar skular og barnehagar med undervisning til personale kring tema vald og seksuelle overgrep, samt gjev råd i enkeltsaker.

I 2017 starta ein opp eit forsterka helsestasjonstilbod «Trygg start» til familiar som kan ha utfordringar knytt til fysisk og/eller psykisk helse. Det kan òg vere unge, einslege, som har erfaringar med rusmisbruk eller andre utfordringar i familien, vere nytiflytta med språklege/sosiale forhold eller andre utfordringar som påverkar foreldrerolla. Tilboden gjev familiar moglegheit til ekstra oppfølging i svangerskap og i sped- og småbarnstid, til barnet er 2 år gammalt.

For foreldre har ein og sidan 2016 satsa på 2-dagars foreldrecurso (Emosjonsfokusert ferdighetstrening – EFST) som del av det førebyggande og tidleg intervenerande arbeidet retta mot foreldre og andre omsorgsgivarar. Kurset har fokus på å auke vaksenkompetanse på regulering av kjensler, når det gjeld vaksne si evne til å forstå og handtere kjensler, både eigne og andre sine. Kursdeltakarar blir rekruttert frå dei ulike einingane i kommunen, samt ved eigen påmelding. Foreldre som ønskjer kan ta kontakt for individuell oppfølging i etterkant av kurset. Kursleiarane har høg kompetanse på psykisk helse og foredrerrettleiing.

## **For vaksne**

Det forebyggande arbeidet overfor vaksne og særleg utsette grupper med høg risiko for vald og overgrep krev eit betre samarbeid på tvers av ulike sektorar. Her er ikkje satsinga på utvikling av kunnskapsbaserte tiltak og samarbeid på tvers like godt koordinert og strukturert som overfor barn og unge.

Bjørnafjorden kommune kan ikkje vise til tilsvarende systematisk satsing på felles førebyggande tiltak overfor vaksne som Oppvekst området har fått til overfor barn og unge. Tenestene for vaksne er meir spesialiserte og samarbeid mellom tenestene er ikkje like godt forankra på tvers av fagmiljøa. Likevel har dei fleste tenesteområda tidleg innsats som mål, og dermed har kvar og ein plikt til å gripe inn slik at følgeskader av vald og overgrep vert teke på alvor og det vert sett ein stoppar for når det blir avdekkja. I slike situasjonar treng den som avdekker valdsutøvinga tryggleik i at det er riktig å gripe inn og kunnskap om korleis ein skal gå fram i den vidare prosessen.

Det er etablert eit samarbeid mellom Avd. Psykisk helse og Trygg Start i oppvekstområdet. Det er bestemt 2 faste møter kvart år der ein kan drøfte ulike problemstillingar knytt til brukarar, anonymt eller etter samtykke frå brukar. Samarbeidet skal utvidast til og å omfatte Barnekoordinator og Psykolog på Helsestasjon. Barneverntenesta vil bli konsultert etter behov.

I tillegg har både kommunen og kompetansemiljøa ansvar for å spreie relevant informasjon om konsekvensar av vald som kan bidra til bevisstgjering av både offentleg tilsette og overfor befolkninga generelt. Det må setjast inn tiltak så tidleg som mogeleg når det er grunn til å tru at vald og overgrep skjer.

Eit anna prioritert tiltak er at spreiling av informasjon og kunnskap ikkje berre bør skje i barnehagar og skular, men også på andre arenaer som til dømes arbeidsplassar, i lag og organisjonar, gjennom media og i samfunnet generelt. Her kan kommunen nytte fleire måtar for å spreie informasjon og kunnskap, til dømes via nettsida eller gjennom andre digitale plattformar.

Det finnes mange gode og nyttige nettsider som bør gjerast betre kjent. I vedlegget til planen er det eit oversyn over nettsider som er anbefalt brukta.

I tillegg er det i satsingsområda for kommunen prioritert å etablere samarbeidsavtaler med ulike kompetansemiljø, som til dømes NKVTS, RVTS, Nok Bergen (tidlegare SMISO) og ATV (Alternativ til vald). Gjennom eksternt samarbeid vil kommunen også kunna få rettleiing og hjelp til å målretta arbeidet på ein mest mogleg effektiv måte og ved å satse på fleire ulike tiltak samtidig. På denne måten vil kommunen at visjonen om nulltoleranse mot vald vert ein heilheitleg satsing.

Det eksterne samarbeidet er også særskilt viktig med tanke på måling av effekt og bistand til å evaluere om tiltaksplanen over tid er verksam.

## **For særleg utsette grupper**

Dei kommunale tenestene til vaksne og eldre er spreidd på mange ulike einingar der ikkje alle tenestene har felles møtepunkt og naturlege samhandlingsarenaer. Dette gjer det utfordrande å få til felles satsing på førebyggingstiltak på tvers av tenesteområda. Når vald i nære relasjoner blir avdekkja kan det også variere i kva grad det vert følgd opp og teke på alvor.

Kunnskap om kva målgrupper som er særleg sårbar i høve vald i nære relasjoner, til dømes eldre og funksjonshemma og personar med andre typar risikofaktorar, må tilførast alle kommunalt tilsette, slik at dei vert trygge på handlingsalternativa dei har når dei får kjennskap til personar som vert utsett for vald. Tiltakskarta kan i slike situasjonar vera nyttige verktøy både for offentleg tilsette og andre som møter personar dei oppfattar treng hjelp til å melde frå om vald eller overgrep.

### **Eldre**

Nasjonalt kunnskapssenter mot vald og traumatiske stress (NKVTS) har bl.a. dokumentert at vald og overgrep mot eldre er eit alvorleg samfunns- og folkehelseproblem. Det viser seg at eldre som har vore utsett for vald og overgrep tidlegare i livet er meir valdsutsett også i eldre år. I tillegg ber eldre i liten grad om hjelp når dei er utsett for vald.

### **Menneske med utviklingshemming**

Tall frå SSB og internasjonale undersøkingar viser at vaksne med utviklingshemming har vesentleg større risiko for å bli utsett for vald og overgrep. Dei same undersøkingane viser at dei fleste overgrepa vert påført av personar dei kjenner godt og det skjer ofte av andre personar med utviklingshemming dei bur saman med. Anna type valdsutøving skjer gjerne av pårørande, personale i bustaden eller av andre omsorgspersonar. Dei fleste som utøver vald mot både menn og kvinner med utviklingshemming er menn, men også kvinner og mødre utøver vald.

### **Menneske med rus- og psykiske lidinger**

Valdsutøving innanfor rusmiljøet er eit kjent fenomen og er vanskeleg å få fram i lyset då det som regel er få vitne til valden og sakene sjeldan vert meld til politiet. Det er også typisk at pårørande til rusavhengige som har vore utsett for vald og trugsmål opplev stor slitasje over lengre tid. På grunn av den nære relasjonen mellom den rusavhengige og den pårørande er terskelen høg for melding til politiet, slik at mange lever med svært store og vedvarande belastingar, der både redsel og skam kan gjøre det vanskeleg å be om hjelp.

## Menneske med minoritetsbakgrunn

Innan nokre minoritetsmiljø kan det førekome høg grad av negativ sosial kontroll på grunn av ulike religiøse påbod. Det kan i visse høve utøvast press og trugsmål overfor enkeltpersonar som forsøker å bryte med familien eller med ei gruppe sine normer.

Tvangsekteskap og kjønnslemlestelse skjer sjølv om det bryt med norsk lov og barnekonvensjonen. Konsekvensar for personar som forsøker å bryte ut kan vera at dei risikerer utestenging, fysisk vald, psykisk vald eller andre former for trakasserande åtferd frå familiemedlemmar eller andre som står dei nær.

*Bjørnafjorden kommune vil satse på: Tiltak nr. 7, 8 og 9 (sjå vedlagt tabell)*

## 9. OPPLÆRING OM VALD OG OVERGREP

Eit av satsingområda denne planen peikar på er behov for å leiarforankre kompetanseheving for tilsette (tiltak 11).

Opplæringa kan til dømes integrerast i eige årshjul for kompetansetiltak, både for nyttilsette og faste tilsette det er særskilt relevant for. Som eksempel kan kommunen nyte ulike digitale kurs som bl.a. Statforvalteren og RVTS arrangerer jamnleg. Sentrale tema for desse kursora er bl.a. teikn og signal på at barn og unge blir utsett for vald og seksuelle overgrep, kva lovheimlar som gjeld og kva plikt vi har til å handle når vi har mistanke om at vald og overgrep skjer. Det finnes også mange andre relevante nettkurs i handtering av vald og overgrep, til dømes kurs utarbeidd av Nasjonalt kompetansesenter for legevaksmedisin (NKLM) og fleire ulike e-læringskurs og filmar til bruk i opplæring utvikla av TryggEst (tilgjengeleg på [www.tryggest.no](http://www.tryggest.no) og [www.kslaring.no](http://www.kslaring.no)).

## 10. SATSINGSMRÅDE OG TILTAK

### Satsingsområde 1 – Informasjon og digitalisering

- Info generelt til innbyggjarar på kommunen si nettside om tenester, hjelpetilbod, og nyttige tilbod frå frivillige og ideelle organisasjonar

- Alderstilpassa informasjon om at vald ikkje er akseptert til:
  - Barn i barnehage
  - Barn i grunnskulen
  - Ungdom ved vgs
  - Til sårbare vaksne:
    - Eldre
    - Personar med funksjonshemmning
    - Personar med rus- og psykiske lidinger
    - Personar med minoritetsbakgrunn
- Informasjon om konsekvensar av vald
  - Til bruk på foreldremøte i barnehage og skule

*Bjørnafjorden kommune vil satse på: Tiltak nr. 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9 (sjå vedlagt tabell).*

## **Satsingsområde 2 – Leiarforsankra kompetanse – og tenesteutvikling**

- Opplæring i EFST (Emosjonsfokusert ferdighetstrening) til tilsette i Oppvekst, Helse og Velferd (aukar sjansen for at nokon vil fortelje om vonde opplevingar).
- EFST (Emosjonsfokusert ferdighetstrening) som tilbod til foreldre – gje foreldre auka meistringsfølelse og gode verktøy å møte vanskelege kjensler hos barna sine – mindre sjanse for vald.
- Tilsette ved legevakta gjennomgår nettkurs i Volds- og overgrepshandtering (5 - 8t).
- Utvikle og implementere rutinen «Barn under radaren – tiltak tidlig avdekking av omsorgssvikt og barnemishandling» ved legevakta. Det er utarbeidd sjekkliste som skal bidra til at helsepersonell på ein meir systematisk og kvalitetssikra måte kan avdekke barnemishandling og alvorleg omsorgssvikt. Den skal nyttast i møte med vaksne pasientar som har mindreårige barn og som kjem i kontakt med helsepersonell på grunn av intoksikasjon/alvorleg rusproblematikk, suicidforsøk, alvorleg psykisk liding og vald. Tiltaket er et pilotprosjekt ved ambulansetjenesten, akuttmottakene og dei ambulante akutte teamene ved Sørlandet sykehus HF som kan ha overføringsverdi til vår kommune og kan takast i bruk ved legevakta.<sup>15</sup>
- Gjennomføre digitale kurs som er tilgjengeleg.<sup>16</sup>

---

<sup>15</sup> <https://sshf.no/om-oss/barn-under-radaren>

<sup>16</sup> <https://utenvold.no/>

- Utarbeide rutinar knytt til at helsepersonell spør om vald slik vi gjør om rus, sjølvmordsrisiko, oppfølging av barn o.a.

*Bjørnafjorden kommune vil satse på: Tiltak nr. 10, 11, 12, 13 og 14 (sjå vedlagt tabell)*

### **Satsingsområde 3 – Styrke tverrfagleg og eksternt samarbeid**

- Legevakta har prosedyre for samarbeid med valdtektsmottaket i Bergen (i Bliksundweb, legevakta sitt kvalitetssystem).
- Legevakta har avtale med Avdeling psykisk helse om «Time i hånden» (i Bliksundweb). Time i hånden inneber at legevakta kan tildele time (mandag klokken 13 eller torsdag klokken 11) til pasientar som treng hjelp knytt til psykisk helse og eller rusproblem. Legevakta tar kontakt med personopplysninga og kort beskriving av problem dersom timen skal nyttast.
- Det skal utarbeidast felles kommunal rutine for henvisning til krisesenter. I tillegg skriftleg informasjon til valdsutsette slik at dei lett kan ta kontakt med krisesenter utan bistand frå kommunalt personell.
- Det bør utarbeidast rutine for handtering av overgrep og vald eller mistanke om overgrep og vald mot barn og vaksne. Rettleiing til korleis handtere bekymring og melding går fram av tiltakskorta.
- Faste samarbeidsmøte mellom Avd. Psykisk helse, Trygg Start, Barnekoordinator, Helsestasjonspsykolog, der barneverntenesta blir konsultert ved behov.
- Etablere tverrfagleg team som vurderer og følgjer opp bekymringssaker. Til dømes utvide det etablerte konsulasjonsteamet for barn og unge til også å omfatte vaksne. Det vil krevje supplering av fagperson med kompetanse på oppfølging av vaksne.
- Styrke samarbeid med tryggleikssjukepleiar og heimesjukepleienesta for å sikre samhandling på tvers knytt til vald mot eldre.

*Bjørnafjorden kommune vil satse på: Tiltak nr. 15, 16, 17, 18, 19, 20, 21, 22, 23 (sjå vedlagt tabell)*

### **Satsingsområde 4 – Utvida kapasitet og tenestetilbod, nye tilbod**

- Sinnemeistringskurs er etablert og vil halde fram, tilbod til både unge og vaksne.
- Lage digital grunnopplæringspakke for kommunalt tilsett, ta i bruk tilgjengelege e-læring og informasjonsfilmar.

- Etablere Drop-inn time i Avd. Psykisk helse. Dette bør gjerast etter modell som rus-konsulent nyttar i Frontdesk systemet.
- Etablere digital plattform/chat for å nå innbyggjarar som ikkje klarar å søke om tenester eller møte opp til timeavtale. Kan vera lettare for nokon å melde frå skriftleg framfor å snakke om at dei er valdsutsett, til dømes på grunn av skam eller frykt frå trugsmål.

*Bjørnafjorden kommune vil satse på: Tiltak nr. 24, 25, 26 (sjå vedlagt tabell)*

## **11. MÅL OG TILTAK FOR SATSINGSMÅLET – TIDSPLAN OG STATUS**

Nedanfor følgjer ein oversikt over alle tiltaka i planen.

Nokre av tiltaka føreset nye midlar for å kunna gjennomførast. Vi nyttar trafikklysa grøn, gul og raudt for å beskrive status.

**Grøn** farge = tiltak etablert

**Gul** farge = tiltak på gang, men ikkje ferdig

**Raud** farge = tiltak ikkje etablert enno

Satsings-område	Mål og tiltak	Ansvar	Tids-plan	Status
Informasjon og digitalisering:	Mål: Det er god kjennskap til kva ein gjer ved bekymring for om barn vert utsett for vald			
1	<ul style="list-style-type: none"><li>Lett tilgjengeleg informasjon om konsultasjonsteamet mot vald på kommunen sine nettsider</li></ul>	Kommunikasjonsavdelinga	2021	<b>Yellow</b>
2	<ul style="list-style-type: none"><li>Alle einingar har lett tilgjengelege tiltakskort til bruk ved bekymring for vald/SO</li></ul>	Kommunikasjonsavdelinga	2021	<b>Yellow</b>
	Mål: God og lett tilgjengeleg informasjon om vald til barn og unge			
3	<ul style="list-style-type: none"><li>Formalisere avtale om fast Nok Bergen samarbeid (tidl. SMISO), undervisning om seksuelle vald på 6. trinn, få avtale på plass</li></ul>	Førebyggjande helse	2021	<b>Red</b>
4	<ul style="list-style-type: none"><li>Barnehagebarn får alderstilpassa informasjon i barnehagen</li></ul>	Styrar i barnehage	Kontinuerleg	<b>Yellow</b>

Satsings-område	Mål og tiltak	Ansvaret	Tids-plan	Status
5	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Plakatar med informasjon og kontaktinformasjon på alle skular (eks. på innsida av toalett-dør)</li> </ul>	Førebyggjande helse v/skule-helsetenesta	Årleg	
6	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Psykisk helse prosjekt på ungdomsskulane (9. klasse)</li> </ul>	Rektor	Årleg	
	<p>Mål:</p> <p>Det er god kjennskap til kva ein gjer ved bekymring for om vaksne vert utsett for vald</p>			
7, 8	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvide noverande konsultasjons-team mot vald og overgrep barn/unge til også å omfatte vaksne</li> <li>• Samarbeid/rettleiing med RVTS i denne prosessen</li> </ul>	Kommunalsjef Helse og Vel-ferd, saman med einingsleiarar		
	<p>Mål:</p> <p>God og lett tilgjengeleg informasjon om vald til vaksne</p>			
9	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Undervisning til vaksne flyktninger om vald i nære relasjonar</li> <li>• Undervisning til særskild sårbare vaksne om vald i nære relasjonar</li> </ul>	Vaksenopp-læringa	Årleg	
Leiar-forankra kompetanse- og tenesteutvikling	<p>Mål:</p> <p>Bevisstgjering på leiarnivå for å forsikre forankring av planen, samt implementering i organisasjonen</p>			

Satsings-område	Mål og tiltak	Ansvar	Tids-plan	Status
10	<ul style="list-style-type: none"> <li>Informasjon om plan på oppstartsmøter i skule/barnehage</li> </ul>	Fagsjef skule/barnehage	Årleg	
11	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kompetanseheving av tilsette og tilføring av kunnskap om vald i nære relasjoner. Integrere i ny opplæringspakke som del av nytilsetttopplæring og nytte ulike digitale kurs.</li> </ul>	Einingsleiarar, etablere fast samarbeid med RVTS	Kontinuerleg	
	<p>Mål:</p> <p>Fagfolk som jobbar med barn og unge har kompetanse</p>			
12, 13, 14	<ul style="list-style-type: none"> <li>Konsultasjonsteamet mot vald og overgrep for barn/unge underviser i barnehage og skule</li> <li>Nytte Trafikklyset og kartlegging-verktøyet PROFESOR (<a href="http://www.rvtsvest.no/profesor">www.rvtsvest.no/profesor</a>)</li> <li>Tilbod om kurset «Samtalar med barn» til tilsette i skule/barnehage og fagtenestene (0 – 18 år)</li> </ul>	Konsultasjonsteamet mot vald og overgrep, evt. med rettleiding frå RVTS	Kontinuerleg	
Styrka tverrfagleg og eksternt samarbeid	<p>Mål:</p> <p>Kommunen har førebyggjande tiltak med omsyn til valdsproblematikk</p>			
15	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tverrfagleg ressursteam i barnehagar med PPT, barnevern og helsestasjon</li> </ul>	Styrar		
16	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utvida tverrfagleg ressursteam på alle grunnskular med PPT, barnevern og skulehelseteneste</li> </ul>	Rektor og psykolog/Førebyggjande helse		

Satsings-område	Mål og tiltak	Ansvar	Tids-plan	Status
17	<ul style="list-style-type: none"> <li>Svangerskapskontroll: Samtale og spørsmål om vald/overgrep</li> </ul>	Jordmor		
18	<ul style="list-style-type: none"> <li>Valdsscreening i konsultasjon på helsestasjonen</li> </ul>	Helsejukepleiar		
19	<ul style="list-style-type: none"> <li>Helseundersøking 5. og 8. trinn</li> </ul>	Helsejukepleiar		
20	<ul style="list-style-type: none"> <li>Ungdata-undersøking på ungdomsskule</li> </ul>	SLT-koordinator/ ruskonsulent		
21	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kartlegging av vald i konsultasjoner med vaksne</li> </ul>	Psykisk helse - vaksne		
22, 23	<ul style="list-style-type: none"> <li>Foreldreforebund kurs i regi av Helsestasjon</li> <li>Foreldrekurser EFST (Emosjonsfokusert ferdighetstrening)</li> </ul>	EFST-gruppa v/psykolog  PPT/Fagsenter		
Utvida kapasitet og tenestetilbod, nye tilbod	Mål:  God koordinering av innsatsretta mot vald i nære relasjoner			
	Mål:  Sikre hjelpetilbod for valdsutsette			
24	<ul style="list-style-type: none"> <li>«Alternativ Til Vold» (ATV) – etablere fast samarbeidsavtale</li> </ul>	Kommunalsjef for Oppvekst – Helse og Velferd	2021	
25	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utarbeide tiltakskort for ulike grupper, både tilsette og tilpasset til vår kommune</li> </ul>	Arbeidsgruppa for planen, forankre i Oppvekst/Helse og Velferd	2021	

Satsings-område	Mål og tiltak	Ansvar	Tids-plan	Status
26	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sinnemeistring – individuell og gruppetilbod etter Brøsetmodellen</li> </ul>	Ruskonsulent, meistringsteam, ungdomskonsulent	Oppstart i 2020, deretter fortløpende	

## **12. AKTUELLE NETTRESSURSAR**

### **Nettsider**

Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatiske stress

[www.nkvts.no](http://www.nkvts.no)

Nasjonal veiviser ved vold og overgrep

[www.dinutvei.no](http://www.dinutvei.no)

Kompetanseteamet mot tvangsekteskap, kjønnslemlestelse og negativ sosial kontroll

[www.bufdir.no/vold](http://www.bufdir.no/vold)

Veileder for helse- og omsorgstjenestens arbeid - Vold i nære relasjoner

<http://voldsveileder.nkvts.no>

Regionale ressurssentra for dei som i sitt arbeid møter menneske utsett for vold og seksuelle overgrep, traumatiske stress, migrasjon eller sjølvmordsproblematikk

[www.rvts.no](http://www.rvts.no)

Kunnskapsportaler, e-læring, video og kartleggingsverktøy

[www.rvtsvest.no/verktoykassen](http://www.rvtsvest.no/verktoykassen)

KoRus og RVTS' kunnskapsmodular for å heve spesialist- og primærhelsetenesta si kompetanse innan integrert behandling for rus- og voldsproblematikk

[www.rusogvold.no](http://www.rusogvold.no)

«Nok Bergen» er eit tverrfagleg, gratis, lavterskel hjelpe tilbod til utsette for seksuelle overgrep og deira pårørande. Veileder og underviser også skuleklassar, lærarar, helsepersonell og øvrige fagpersonar i spørsmål som handlar om seksuelle overgrep

[www.nokbergen.no](http://www.nokbergen.no)

Sinnemestring Brøsetmodellen, for kvinner og menn over 18 år som har sinne- og voldsproblematikk

[www.Sinnemestring.no](http://www.Sinnemestring.no)

Politiet si informasjonsside for dei som er utsett for vold, trugsmål eller tvang, eller mistenker at andre er utsett

[www.politiet.no/rad/vold-i-nare-relasjoner](http://www.politiet.no/rad/vold-i-nare-relasjoner)

Veileder, kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjoner

[www.nkvts.no/sites/komplan](http://www.nkvts.no/sites/komplan)

Folkehelseprofilar for fylker, kommunar og bydelar, tilgang til statistikkbankar, veiledir og artiklar

[www.fhi.no/hn/folkehelse](http://www.fhi.no/hn/folkehelse)

### **Nettressursar retta mot spesifikke grupper**

Barn og unge:

«Jeg vet» er eit kunnskapsbasert læringsressurs for alderstilpassa opplæring om vald, overgrep og mobbing i barnehagar og skular

[www.jegvet.no](http://www.jegvet.no)

Snakkemedbarn.no er et digitalt opplæringsprogram om samtalar med barn, spesielt samtalar ved bekymring for om barnet er utsett for vald eller overgrep

[www.snakkemedbarn.no](http://www.snakkemedbarn.no)

Offentleg og kvalitetssikra informasjon for ungdom

[www.ung.no](http://www.ung.no)

Ungdata er lokale barn- og ungdomsundersøkingar der skuleelevar over hele landet svarar på spørsmål om korleis dei har det, og kva dei driv med på fritida. Undersøkinga er tilpassa barn og ungdom på mellomtrinnet (5.-7.-trinn), ungdomstrinnet og i vidaregåande opplæring

[www.ungdata.no](http://www.ungdata.no)

Ressursside om normal seksuell utvikling, og handtering av bekymringsfull og skadeleg seksuell åtferd

[www.seksuellatferd.no](http://www.seksuellatferd.no)

Kjærestevald:

Stiftelsen Tryggere er en ideell ikkje-kommersiell organisasjon. God kompetanse på sinne-mestring og valdsforebygging. Fagfelt: hovudsakeleg vald i nære relasjoner og vald i kjæresteforhold

[www.tryggere.no](http://www.tryggere.no)

Jentevakta er ein frivillig organisasjon under Krisesenterbevegelsen. Det er ein partipolitisk og religiøst uavhengig organisasjon beståande av unge kvinner, som er til for barn og unge

[www.jentevakta.no](http://www.jentevakta.no)

Vald mot eldre:

Landsdekkande kontakttelefon for eldre som er utsatt for vald

[www.vernforeldre.no](http://www.vernforeldre.no)

Personar med funksjonsnedsetting, høg alder, utviklingshemming, rusproblem og sjukdom:

TryggEst vender seg til tilsette, pårørande og vene av risikoutsett

[www.tryggest.no](http://www.tryggest.no)

**E-læring:**

[TryggEst Modul 1: Kursets forside \(kslaring.no\)](http://TryggEst Modul 1: Kursets forside (kslaring.no))

[Katalog \(kslaring.no\)](http://Katalog (kslaring.no))

<http://tryggest.no>

## **13. REFERANSAR**

- Askeland, I. R., Lømo, B., Strandmoen, J.-F., Heir, T., & Tjersland, O. A. (2012). Kjennetegn hos menn som har oppsøkt Alternativ til Vold (ATV) for vold i nære relasjoner. *Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress*.
- Felitti, V. J., Anda, R. F., Nordenberg, D., Williamson, D. F., Spitz, A. M., Edwards, V., & Marks, J. S. (1998). Relationship of childhood abuse and household dysfunction to many of the leading causes of death in adults: The Adverse Childhood Experiences (ACE) Study. *American journal of preventive medicine*, 14(4), 245–258.
- Hafstad, G. S., & Augusti, E.-M. (2019). Ungdoms erfaringer med vold og overgrep i oppveksten. *En nasjonal undersøkelse av norsk ungdom i alderen*, 12.
- Rasmussen, I., Strøm, S., Sverdrup, S., & Vennemo, H. (2012). Samfunnsøkonomiske kostnader av vold i nære relasjoner. *Rapport 2012*, 41.
- Sandmoe, A., Wentzel-Larsen, T., & Hjemdal, O. K. (2017). Vold og overgrep mot eldre personer i Norge. *Rapport*. Oslo: NKVTS.

## **14. VEDLEGG**

4 tiltakskort